

Sundag 21. juni

Kl. 14.00 – 17.00

Kroneregatta 2009

I samband med kronprinsparet sitt besøk i Norheimsund i august 2002 starta Hardanger fartøyvernssenter "Kroneregattaen". I dag er det selt i overkant av 170 leikebåtar som alle er invitert til årets regatta.

Sundag presis kl. 14.15 må deltakarane vera om bord i ein småbåt/ robåt ved startstreken (markert ved to bøyer med tau mellom) sørvest for Sandvenholmen (omlag som i fjor).

Dommarane vil då gje felles informasjon til deltakarane.

Regattabåtane må vera ship-shape med farge på skroget og eit velvalt namn. I styrebrønner plasserer sit ein maskot som er istand til å føra fartøyet trygt over det vêrharde Norheimsundet.

På sørsida av sundet er det to mobile bøyer som markerar mållinja. Dommarane vil registrera rekkefølga i mål på dei fyrste båtane. Regattaen vert rekna som avslutta når dommarbåten viftar med flagget. Båteigarane er sjølve ansvarlege for å plukka opp sin eigen båt.

Dersom båten din treng restaurering (ny mast, segl eller kjøl), stikk innom Hardanger fartøyvernssenter nokre dagar før regattaen, så skal me hjelpe deg. Ta kontakt med båtbyggjar Anders Geertsen som leier årets regatta. På same stad kan nye deltakarar kjøpa medlemskap og skaffa seg båt.

Pris for nytt segl med logo er kr 50,- ny kjøl kr. 15,-. Bilete frå arrangement vert lagt ut på fartøyvernssenteret sine nettsider, **www.fartoyvern.no**

Regattadeltakarane samlast til felles grilling og premieutdeling på Sandvenholmen 30 minuttar etter avslutta regatta. Ta med grillmat, drikke, varme klede/ regntøy, redningsvest og evt. kikkert. Me oppfordrar alle deltakarar til å setja av tid til samlinga på holmen.

Me reknar med å vera ferdige ca. kl. 17.00

Vinnaren av årets regatta vil overta det eineståande vandretroféet, sølv-tokroningen frå 1902.

Vinnar i fjor var Erling Mostad.